

Eksamenssvar i NOR1212 norsk sidemål

Dokumentet har tre eksempler på vurderte eksamenssvar frå eksamen i norsk sidemål våren 2014.

Eksamensoppgåvene finn du her:

www.udir.no/Vurdering/Eksamen-videregaende/Eksamensoppgaver-og-eksamensveiledninger

Skolen har fått tilsendt passord.

Eksempla kan brukast saman med eksamensrettleiinga for 2015. Den finn du her:

www.udir.no/Vurdering/Eksamen-videregaende/Eksamensoppgaver-og-eksamensveiledninger

Kjenneteikna på måloppnåing frå eksamensrettleiinga (2015) står på side 2–3.

Eksempel 1 – NOR1212, langsvarsoppgåve 1, karakter 6

Elevsvaret side 4

Vurdering side 8

Eksempel 2 – NOR1212, langsvarsoppgåve 3, karakter 4

Elevsvaret side 9

Vurdering side 13

Eksempel 3 – NOR1212, langsvarsoppgave 2, karakter 4

Elevsvaret side 14

Vurdering side 17

Kjenneteikn på måloppnåing til eksamen i norsk hovudmål og sidemål
 For langsvår: bruk dei delane av skjemaet som passar til oppgåva.

	Karakter 2 Eksamenssvaret	Karakter 3 – 4 Eksamenssvaret	Karakter 5 – 6 Eksamenssvaret
Hovud- inntrykk	<p>er i nokon grad eit relevant svar på kortsvarsoppgåva</p> <p>er i nokon grad eit relevant svar på langsvarsoppgåva</p> <p>viser noko forståing og bruk av dei vedlagde tekstane</p> <p>er enkelt eller uklart formulert</p>	<p>er eit stort sett relevant svar på kortsvarsoppgåva</p> <p>er eit stort sett relevant svar på langsvarsoppgåva</p> <p>viser at eleven forstår og bruker dei vedlagde tekstane</p> <p>er stort sett godt formulert, med formålstenleg ordforråd</p>	<p>er eit presist og relevant svar på kortsvarsoppgåva</p> <p>er eit utfyllande og relevant svar på langsvarsoppgåva</p> <p>viser god forståing og bruk av dei vedlagde tekstane</p> <p>er gjennomgåande godt formulert, med nyansert ordforråd</p>
Språk og formelle dug- leikar	<p>har samanbinding mellom setningar og avsnitt</p> <p>viser at eleven meistrar hovudformene i formverket til ein viss grad</p> <p>viser at eleven meistrar ortografi og teiknsetjing til ein viss grad</p> <p>skil mellom sitat og eigenprodusert tekst, viser til kjelder</p>	<p>har nokså god/god samanbinding mellom setningar og avsnitt</p> <p>viser at eleven stort sett meistrar formverket</p> <p>har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing</p> <p>markerer sitat og viser til kjelder på ein ryddig måte</p>	<p>har god samanbinding mellom setningar og avsnitt</p> <p>viser at eleven meistrar formverket</p> <p>har gjennomgåande korrekt ortografi og teiknsetjing</p> <p>markerer sitat og viser til kjelder ryddig og nøyaktig</p>
Kort- svar	<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>viser noko fagleg kunnskap</p> <p>kommenterer eller argumenterer på ein enkel måte</p> <p>peiker på nokre karakteristiske trekk ved tekstar</p> <p>har noko fagspråk</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>viser nokså god/god fagleg kunnskap</p> <p>kommenterer eller argumenterer på ein klar måte</p> <p>gjer greie for karakteristiske trekk ved tekstar</p> <p>har formålstenleg fagspråk</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>viser svært god fagleg kunnskap</p> <p>kommenterer eller argumenterer på ein presis måte</p> <p>gjer godt greie for karakteristiske trekk ved tekstar</p> <p>har presist og formålstenleg fagspråk</p>
Infor- mative, argu- mente- rande og resonne rande tekstar	<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>har med nokre relevante moment og/eller eksempel</p> <p>gjer greie for faglege emne på ein enkel måte</p> <p>gir att hovudsyn i nokon grad</p> <p>argumenterer på ein delvis overtydande måte</p> <p>har enkle resonnement</p> <p>har nokre oppsummeringar eller enkle konklusjonar</p> <p>viser noko refleksjon</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein delvis relevant måte</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel</p> <p>gjer greie for faglege emne på ein stort sett klar måte</p> <p>formulerer hovudsyn</p> <p>argumenterer sakleg, på ein stort sett overtydande måte</p> <p>har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne oversiktleg</p> <p>har oppsummeringar eller konklusjonar</p> <p>viser nokså god/ god evne til refleksjon</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein relevant og etterprøvbar måte</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde</p> <p>gjer greie for faglege emne på ein presis måte</p> <p>formulerer hovudsyn presist</p> <p>argumenterer sakleg, på ein overtydande måte</p> <p>har klare resonnement, viser evne til å drøfte eit emne sakleg og nyansert</p> <p>formulerer poengterte oppsummeringar eller konklusjonar</p> <p>viser svært god evne til refleksjon</p> <p>bruker eventuelle kjelder relevant, etterprøvbart og sjølvstendig</p>

<p>Analysar, tolkingar og samanlikningar</p>	<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>har med nokre relevante moment og/eller eksempel</p> <p>bruker noko fagspråk</p> <p>peiker på nokre verkemiddel i tekstar</p> <p>peiker på nokre sider ved argumentasjon/ bruk av appellformer</p> <p>peiker på nokre sider ved tema/bodskap/hovudsynspunkt</p> <p>reflekterer over tekstar på ein enkel måte, har nokre vurderingar</p> <p>samanliknar nokre sider ved tekstar</p> <p>viser ein viss kjennskap til den kulturhistoriske samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein delvis relevant måte</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel</p> <p>bruker relevant fagspråk</p> <p>gjer greie for nokre verkemiddel og viser i nokon grad korleis dei fungerer i teksten</p> <p>gjer greie for hovudtrekk i argumentasjon/ bruk av appellformer og funksjonen deira</p> <p>gjer greie for tema/ bodskap/hovudsynspunkt</p> <p>reflekterer over tekstar på ein fagleg relevant måte, har vurderingar og grunngitte synspunkt</p> <p>samanliknar tekstar på ein oversiktleg måte</p> <p>viser at eleven kan plassere tekstar kulturhistorisk, med noka forståing for samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder på ein relevant og etterprøvbar måte</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde</p> <p>bruker presist og relevant fagspråk</p> <p>gjer greie for og vurderer verkemiddel og viser korleis dei fungerer i teksten</p> <p>gjer presist greie for argumentasjon/ bruk av appellformer og funksjonen deira</p> <p>gjer tydeleg greie for tema/bodskap/ hovudsynspunkt</p> <p>reflekterer over tekstar på ein relevant og sjølvstendig måte, har sjølvstendige vurderingar og grunngitte synspunkt</p> <p>samanliknar tekstar på ein oversiktleg og god måte</p> <p>viser at eleven kan plassere tekstar kulturhistorisk, med forståing for samanhengen</p> <p>bruker eventuelle kjelder relevant, etterprøvbart og sjølvstendig</p>
<p>Kreative tekstar</p>	<p>har ein viss struktur og samanheng</p> <p>har med nokre relevante moment og/eller eksempel</p> <p>viser at eleven har valt nokre innfallsvinklar og språklege verkemiddel</p> <p>reflekterer i nokon grad</p> <p>bruker nokre enkle litterære verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>viser i nokon grad til språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein enkel måte</p>	<p>har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel</p> <p>viser kreativitet i val av innfallsvinklar og språklege verkemiddel</p> <p>reflekterer, prøver ut tankar</p> <p>bruker litterære verkemiddel i utforminga av teksten</p> <p>viser til og bruker språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein sjølvstendig måte</p>	<p>har formålstenleg struktur og god samanheng</p> <p>har relevante moment og/eller eksempel, med god breidde</p> <p>viser kreativitet i val av innfallsvinklar og språklege verkemiddel</p> <p>reflekterer, prøver ut tankar på ein sjølvstendig måte</p> <p>bruker litterære verkemiddel på ein gjennomført måte</p> <p>viser til og reflekterer over språkleg/ kulturhistorisk kunnskap dersom det er relevant</p> <p>bruker vedlagde tekstar på ein kreativ og sjølvstendig måte</p>
<p>Samla vurdering</p>	<p>Samla sett viser elevsvaret låg kompetanse i faget</p>	<p>Samla sett viser elevsvaret nokså god kompetanse i faget eller god kompetanse i faget</p>	<p>Samla sett viser elevsvaret mykje god kompetanse i faget eller framifrå kompetanse i faget</p>

Karakteren 1 uttrykkjer at svaret viser svært låg kompetanse i faget, eller at det som heilskap fell utanom det som det blir spurt om i oppgåva.

Eksempel 1

Norsk sidemål NOR1212 våren 2014, langsvarsoppgåve 1, nynorsk som sidemål

Del A Kortsvaroppgåve

Temaet i «Nordmannen» av Ivar Aasen er kjærleik til sin eigen heim, til tross for mangel på materialistisk rikdom. Aasen syner lesaren at nordmannen slett ikkje er ein latsabb som ikkje veit anna enn å la andre gjere arbeidet for seg. Diktet påkallar nasjonalkjensle og byrgskap hos mottakar.

Rim er sentralt i dette diktet. Diktet har åtte strofer, og kvar strofe har fire verselinjer.

Enderim pregar verselinjene, og kvar strofe har kryssrim (ABAB). Rytmen i diktet er svært jamn, for kvar strofe har ein fast bruk av stavingar. Første og tredje verselinje i ein strofe har ti stavingar, medan andre og fjerde har ni. I tillegg til dette brukar Aasen bokstavrim for å skape ekstra klang i diktet: «Mellom **b**akkar og **b**erg», «**s**åg ut på dei **s**teinute **s**trender», «om **b**ergi var **g**rasgrøne **b**and», «**S**ud om havet han **s**tundom laut **s**krida» «**b**enker og **b**ord», osv.

Aasen brukar også kontrastar gjennom heile diktet. Han gir negative eigenskaper til natur og fenomen, samstundes som han i neste del av strofa syner dei positive sidene ved dette. I den eine strofa skildrar han fjella som grinder, som kanskje isolerer dalen frå resten av landet, samstundes som dalen er verdt å bu i fordi den er frodig og vakker. Havet skildras som bølgyete og verkar farleg, men er også kjelde til mat og rikdom. Når nordmannen reiser lenger sør, vil rikdommen som skildras likevel ikkje sjåast på som positivt fordi det rike samfunnet er bygga på slaveri. Han viser at kjærleiken nordmannen kjenner for landet og heimen sin er stor, sjølv om det kan vere utfordrande til tider.

Del B Langsvarsoppgåve

Oppgåve 1

Made in Norway

Det har opp igjennom tidene eksistert fleire oppfatningar av kva ein nordmann er, og korleis nordmenn helst vil framstille seg sjølve. Dei fleste framstillingane har likevel ein slags grunntanke til felles, ein grunntanke som reflekterast både i reklamen frå Dale of Norway frå 2013 og i diktet «Norges skål» av Johan Nordahl Brun, skriven i 1784.

«Norges skål» er ei drikkevise som heidrar Noreg og nordmenn, og fleire av fedrelandet og innbyggjarane sine eigenskaper blir skildra. Det kjem fram at Noreg er kjempers fødeland, at nordmenn tørster etter fridom, at alle dei tapre norske heltene er født blant klippar og at dei bryt lenkjer og er ærlege og heiderlege menneske.

Motiv og tema i Dale of Norway sin reklame er ganske likt som i «Norges skål». Her ser vi to staute norske idrettsutøvarar i norske strikkegenserar, med gamle ski i armane, og med fjell i bakgrunnen. Dei smiler ikkje, men ser alvorsame og bestemte ut. Øvst, midt på biletet står det: «Dale of Norway», og rett under står: «Norwegian quality since 1879». Nedst i hjørna på biletet blir det informert om at genserane er VM-genseren for 2013 og at dei er «Made in Norway». Under ser vi adressa til to butikkar, og logoen til Dale, Aker og Skipool Norway. Dei to menneska på biletet ser ut som sjølv personifikasjonen av nordmennene som J. N. Brun skildra i drikkevisa si. Dei er staute, barske og vakre.

Tema i begge vedlegga ser ut til å vere det same: nordmenn er ukrenkjelege, ustoppelege og fridomstørste.

Oppbygginga av «Norges skål» er fast. Den inneheld fire strofer, alle med åtte verselinjer. Rytmen i diktet er jamn, kor første, tredje, femte, sjette og sjuande verselinje har åtte stavingar og andre, fjerde og åttande har sju stavingar. Mot slutten av strofa blir første og andre verselinje gjentaka, og diktet verkar nesten messande. Dette gjer at diktet blir ei god vise, som er lett å hugse, samstundes som ein heile vegen understreker kva ein skåler for; kva som er verdt å feire med fedrelandet vårt.

Eit anna verkemiddel i diktet er bruk og gjentaking av ord. Nokre av orda er motsett ladde, og representerer kontraster, som for eksempel «frihet» og «tvang», «ærlig» og «sviker». Elles går ord som «Norge», «nordmenn», «norsk», «norske» og «Norges sønner» igjen i heile teksten. «Å bryte lenker» er sentral i nokre av strofene, og syner klart og tydeleg kva for ein holdning nordmennene har til sine danske overherrar. Nordmennene ser på den danske kongemakta som nokon som styrer over dei med tvang. Dei vil bryte laus og vere eit sjølvstendig folk. Diktet vil sende eit signal til både nordmenn og danskar om kva for eit folk

dei har med å gjere.

Dale of Norway vil også sende eit signal til ulike menneske. Dette kjem fram ved at skrifta er på engelsk, sjølv om det er ein reklame for norske klede. Dale vil gjere seg forstått av fleire folk, kanskje helst turistar som kjem til Noreg og ønskjer å kjøpe seg noko så erkenorsk som ein strikka genser. Dei vil selje, og bruker norsk byrgskap for å trekke til seg kundar. Det er likevel ikkje berre utanlandske kundar Dale vil selje til; reklamen vil også appellere til nordmenn flest. Nordmenn er stolte av sine tradisjonar, av sin natur og til ein viss grad av sin historie. Dei fleste har minst ein strikkegenser og nesten alle kan stå på ski.

Valet av modellar har heller ikkje vore tilfeldig for Dale. Petter Northug og Therese Johaug er representantar for den mest populære vintersporten i Noreg, nesten den einaste sporten vi utmerker oss i internasjonalt. Dei er begge best innan skisporten og kan med dette sjåast på som erkenordmenn. Dei får dermed ein solid etos når dei då skal selje urnorske vinterklede. Fjella i bakgrunnen understreker korleis nordmenn si karakter er danna av naturen rundt dei.

Både reklamen til Dale og diktet til Johan Nordahl Brun representerer eit syn på nordmenn som vaks fram under romantikken og nasjonalromantikken. I 1770-årene var yrtingsfridom og fridomskamp dominerande strømmingar i den vestlege verden. Dei britiske koloniane i Nord-Amerika ville rive seg laus frå moderlandet. Noreg var under dansk overherredømme og ville også svært gjerne bli sjølvstendig. Det Norske Selskab blei danna i København av ivrige studentar, filosofer og andre intellektuelle. Dei diskuterte norskheit og Noregs framtid, og ville fokusere på det som skilde nordmenn frå danskane. Dermed blei det viktig å framheve dei majestetiske fjella og korleis den norske naturen hadde brakt fram eit tappert og hardført folk. Dette var berre byrjinga på ein stor bevegelse som ville gi nordmenn ein nasjonal identitet.

Etter at Noreg blei overgitt til Sverige, var det ikkje lenger forskjellen mellom nordmenn og danskar som var viktigast. Etter den tysk-historiske skulen fokuserte ein no på kva som var særeige ved norsk språk, kultur og historie. Eventyr blei samla inn, fleire nasjonalistiske songar blei skrivne og bunadskulturen vaks fram. Den nasjonalismen som regjerte frå 1800-talet er framleis gjeldande. Når vi i dag tenkjer på kva som er typisk norsk, er det eventyr og

bunader som først dukkar opp, saman med skia og strikkegenserane.

Det er mykje av reklamen i dag som spelar på nasjonalfølelse og identitet. Behovet i det moderne mennesket er større enn nokon gong for å minnst fortida, og fokuset på vårt folkeslag sine beste eigenskapar blir framheva. TINE brukar norsk bondekultur i sine reklamer medan Freia stolt reklamerer for tursjokoladen sin, og norske helter prydar flyvingane til Norwegian Air Shuttle. Norwegian sine helter har alle vore med på å byggje landet og vise fram nasjonal byrgskap. Dei har gjennom sine eigenskaper gjort seg fortent til å kunne reklamere, ikkje berre for eit flyselskap, men også for ein nasjon.

Disse definerande eigenskapane har ein i over to hundre år vore samde om. Nordmenn er menneske av naturen. Dei er hardbarka, ukrenkjelege, fridomselskande og tapre. Dei reflekterer landskapet dei er oppvaksen med, og dei er ikkje redde for å vise andre at dei er made in Norway.

Kjelder

Brun, Johan Nordahl (1784): «Norges Skaal», språkleg tilrettelagt

«Dale of Norway» (2013), reklame for ullgenserar

Hansen, Bakkerud, Hagen, Hamran, Jacobsen, Heum (2008): *Mennesker i tid 2*, utgave 1, opplag 1, Cappelen Damm AS, Oslo

Osvik, Opsahl, Monclair, Ringvei (2008): *Tid og tanke*, H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

Aasen, Ivar (versjon frå 1868): «Nordmannen», språkleg tilrettelagt

Eksempel 1

Norsk sidemål NOR1212 våren 2014, langsvarsoppgåve 1, nynorsk som sidemål

NOR1212 Eksempel 1	Kommentar – sjå kjenneteikn på måloppnåing i eksamensrettleiinga
Hovud- inntrykk	Både kortsvaret og langsvaret er relevante og presise/utfyllande svar på oppgåva, og viser god tekstforståing og fagkunnskap. Språket er variert, med eit nyansert ordforråd.
Språk og formelle dugleikar	Språket er gjennomgåande godt både når det gjeld formuleringar og formelle ferdigheiter. Svaret viser at eleven meistrar sidemålet sitt svært godt.
Kort svar	Kortsvaret har god struktur og tematisk samanheng. Temaet er klart formulert, og svaret viser god forståing for form og innhald i diktet. Det blir brukt relevante eksempel frå diktet til å forklare verkemidla og formålet med dei, og svaret har presist og formålstenleg fagspråk.
Analysar, tolkingar og saman- likningar	Langsvaret har god struktur og klar tematisk samanheng. Teksten er eit utfyllande svar på alle delane av oppgåva. Den første delen av svaret tek for seg både tematikken i dei to tekstvedlegga og formelle sider ved tekstane, og bruker eksempel frå tekstane for å vise korleis forestillingar om det norske kjem til uttrykk. Samanlikninga er oversiktleg og har gode eksempel. Fagspråket fungerer godt, og refleksjonen over tekstane er sjølvstendig. Den siste delen av svaret viser historisk og litteraturhistorisk kunnskap og forståing.
Samla vur- dering	Samla sett viser elevsvaret framifrå kompetanse i faget . Både språkleg og innhaldsmessig viser eksamenssvaret kompetanse som er vurdert til karakteren 6.

Eksempel 2

Norsk sidemål NOR1212 våren 2014, langsvarsoppgåve 3, nynorsk som sidemål

Del A

«Nordmannen» av Ivar Aasen

I 1868 skreiv Ivar Aasen ein versjon av diktet «Nordmannen». I diktet har Aasen brukt fleire verkemidla for å få fram ei nasjonalistisk kjensla og tittelen til diktet røper mykje av temaet. Aasen ville lage eit norsk skriftspråk med norsk talemål som normgrunnlag, noko som ein jamvel kan sjå i dette diktet. (Krogh, Kolberg Jansson, Michelsen, & Kristoffersen, 2008, p. 57)

Teamet i diktet kan ein tolke som samhald og fellesskap. Aasen fremmar dette ved å setje to stader opp mot kvarandre. Nord blir framstilt som eit vakkert landskap med store fjell og «jamningar», mens sør med rike storbønder og underkuing. På denne måten bruk Aasen kontraster mellom nord og sør for å få fram budskapet sin, nemleg at nord er det riktige staden å bu. Temaet kjem fram ved dei nøye naturskildringane som kan skape positive assosiasjonar for dei som er kjend til den norske natura. Tittelen «Nordmannen» kan moglegvis også røpe temaet og seier mykje om diktet. Ein kan difor tolke temaet som samhaldet og fellesskapen i ein nasjon eller moglegvis språkdebatten på 1800-tallet.

Aasen har brukt kryssrim i kvar strofe i diktet. Til døme i fyrste strofe rimar «havet» og «grave» og «heim» og «deim». Dette gjer at diktet får ein fast rytme, og ein seier gjerne at det er skriva i bunden form. Ein kan sjå at diktet også er episk ved at det blir fortalt om ein nordmann som byggjer grender og reiser frå nord til sør.

Ut i frå dette kan me sjå at Aasen bruk fleire verkemidlar som kryssrim, naturskildringar med positive assosiasjonar og kontrastar for å fremme temaet i diktet.

Kjelder:

Jansson, B., Kristoffersen, K., Krogh, J., Michelsen, P. A., & Hognestad, J. (2009). *Tema Vg1*. Det norske samlaget.

Krogh, J., Kolberg Jansson, B., Michelsen, P. A., & Kristoffersen, K. (2008). *Tema VG3* (2nd ed.). Det norske samlaget.

Del B

Oppgåve 3

«Bestemor søv» av Gunnhild Øyehaug

Novella «Bestemor søv» av Gunnhild Øyehaug er henta frå samlinga *Knutar*, som kom ut i 2004. Dette er ein tekst som fokuserer på draumar og kva ein draum kan ha som følgjer. Det vil i denne analysen bli sett på både form og innhald, og kva for nokre verkemidlar som er blitt anvendt. Til slutt vil det komme eigne tankar og synspunkta rundt novella.

«Bestemor søv» handlar om ei eldre kvinne som har levd eit langt og omfattande liv. I heile novella får me høyre om ulike draumar kvinna har hatt i løpet av livet, og kva som har skjedd etter desse draumane. Ein kan tolke draumane som et slags varsel på at noko viktig skal skje, da det skjer store hendingar for kvinna etter draumane. I alle draumane er det eit møte der ein enten stirar på ein annan person, sola eller eit dyr. Desse møta kan vere ein markering på ei ny fase i livet. Motivet i novella er difor draumane og livet til ein eldre kvinne.

I novella er det brukt ein aural synsvinkel, der forteljaren er allvetande. Dette gjer at me får høyre om både draumane og kjenslene til den eldre kvinna og den ytre handlinga. På denne måten blir teksten moglegvis meir engasjerande for lesaren, da me får eit betre oversyn og forståing for personen teksten omhandlar. Øyehaug har framstilt historia med tilbakeblikk av hendingar og draumar frå fortida. På denne måten får me vite om tidlegare draumar samtidig som me bevegar oss framover i notida. Det er følgjeleg brukt ein aural synsvinkel med tilbakeblikk på tideligare hendingar i historia.

Ein kan sjå at det er brukt fleire frampeik i novella. Tittelen «bestemor søv» kan vere eit frampeik på at bestemoren vil død seinare i forteljinga. I noveller er det også vanleg å bruke formidlande omskrivingar, såkalla eufemismar. (Jansson, Kristoffersen, Krogh, Michelsen, & Hognestad, 2009, p. 52) Dette kan ein sjå at Øyehaug har anvendt i tittelen ved å bruke «søv» i staden for «død».

Denne eufemismane er mykje brukt i skjønnlitterære litteraturen, noko som gjer at me ofte knytt søvn opptil død. Det er fleire frampeik i begynning av novella. Til døme: «Ho fekk både

grøn og grå stær tidleg i livet, men ho har alltid klart seg godt [...]» Ved at novelle starter med dette veit me har personen teksten omhandlar er sjuk og har vert dette lenge. Det kan difor vere eit frampeik på at ho kanskje ikkje har lenge igjen. Draumane ho har kan også vere frampeik på at både gode og vonde hendingar vil skje. Me kan såleis sjå at det brukt mykje frampeik i novella.

Talet tre går igjen i forteljinga noko som er svært typisk for eventyr, men blir også brukt i noveller. (Jansson, Kristoffersen, Krogh, Michelsen, & Hognestad, 2009, p. 21) Det blir blant anna fortalt om tre draumar kvinna drøymmer og tre hendingar som skjer etter desse draumane. Til døme møter kvinna sin ektemann etter den fyrste draumen, ektemannen dør etter den andre og hun dør sjølv etter den tredje. I den siste draumen kjem også talet tre fram ved at det er tre fjelltoppar sola skilir over. Me kan difor sjå at det er brukt gjentakning og talet tre fleire gonger i novella.

I siste del av novelle kan ein tolke at det er den eldre kvinna sin død som blir skildra framfor at det er bursdagen hennar. Det står at det kommer mange gjester som bankar på og vil inn til ho. Kvinna vil ikkje opne for dei som bankar på sidan ho vil vere aleine. Til døme:
«Ho vil ikkje opne. Ho er ikkje ferdig med noko, ho trur det er denne draumen som sit slik i, ho blir ikkje ferdig med det, ho vil vere aleine».

Ein kan tolke dette som om kvinna er redd for at draumen ennå ikkje er over, og ho er redd for dette møtet med familien kan avslutta han. Ved de to tidlegare draumane har det blitt ein nye fase i livet hennar og det har endå ikkje skjedd noko etter draumen. Det kan difor vere at kvinna trur at møtet med familien vil moglegvis vere ein markering på ein ny fase, og i dette tilfelle døden hennar.

«Bestemor søv» er ein novelle som eg personleg følar eit samband til. Skildringane av den eldre kvinna minner meg nemleg om ein avdød familiemedlem av meg, som også fekk den same øye sjukdomen i tidleg alder. Eg fekk difor positive assosiasjonar av å lese denne novella, sidan det minner meg om ein eg var veldig glad i. Øyehaug skriv på ein måte som gjer at eg likar novella svært godt. Ho skriv om ting som fleire kan kjenne seg igjen i, til døme korleis ein opplev at familien behandlar sin mor som nettopp har blitt enke og også

draumane i seg sjølv. Eg likar også at hun knytt draumar opp til nye fasar i livet, og at dei markerer ein slags endring i livsløpet.

Dermed kan me sjå at draumane er frampeik på at noko vondt eller godt skal skje i denne novella. Det er brukt fleire verkemidla i novella når det gjeld både innhald og form.

Frampeik, språklige bileter og tilbakeblikk er døma, og dei har alle ein viktig funksjon i teksten.

Kjelder:

Jansson, B., Kristoffersen, K., Krogh, J., Michelsen, P. A., & Hognestad, J. (2009). *Tema Vg1*. Det norske samlaget.

Krogh, J., Kolberg Jansson, B., Michelsen, P. A., & Kristoffersen, K. (2008). *Tema VG3* (2nd ed.). Det norske samlaget.

Eksempel 2

Norsk sidemål NOR1212 våren 2014, langsvarsoppgåve 3, nynorsk som sidemål

NOR1212 Eksempel 2	Kommentar – sjå kjenneteikn på måloppnåing i eksamensrettleiinga
Hovud- inntrykk	Begge svara er relevante i forhold til oppgåva og viser god tekstforståing. Langsvaret er betre enn kortsvaret. Kortsvaret er noko ufullstendig. Svaret har formålstenleg ordforråd, men er til dels uklart formulert.
Språk og formelle dugleikar	Svaret viser til ein viss grad meistring av hovudformer i formverket. Det har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing.
Kort svar	Kortsvaret har god struktur og samanheng. Temaformuleringa er litt upresis, men svaret viser til nokre verkemiddel og den funksjonen dei har i diktet. Eleven bruker fagspråk på ein relevant måte.
Langsvar: Analysar, tolkingar og saman- likningar	Langsvaret har stort sett formålstenleg struktur og god samanheng. Det viser god forståing av novella. Det blir gjort greie for tema og nokre verkemiddel. Eleven reflekterer over teksten på ein fagleg relevant måte, men kunne gjerne ha vore meir konkret og grunngitt synspunkta sine meir. Fagspråket fungerer godt.
Samla vur- dering	Samla sett viser svaret god kompetanse i faget . Heilskapen av begge svara er vurdert til karakter 4.

Eksempel 3

Norsk sidemål NOR1212 våren 2014, langsvarsoppgave 4, bokmål som sidemål

Del A Kortsvarsoppgave

Nordmannens reise mellom bakker og berg etter sin egen identitet

«Mellom bakkar og berg utmed havet heve nordmannen fenge sin heim, der han sjølv heve tuftene grave og sett sjølv sine hus oppå deim» lyder første strofe av diktet «Nordmannen» av Ivar Aasen. Diktet er fra 1868, og er dermed skrevet i tidsepoken hvor nasjonalbygging og dyrkning av det typisk norske var særlig viktig for landet. Dette gjaldt også litteraturen, noe som man kan si gjenspeiler temaet i diktet.

«Nordmannen» er et veldig typisk, tradisjonelt dikt for epoken det er skrevet i. Språket ble på denne tiden sett på som den viktigste forutsetningen for et fellesskap, for en felles identitet, for en folkeånd – kort sagt en nasjon. Dette gjorde at kampen for et *norsk* språk stod sterkt på denne tiden, og i spissen stod Ivar Aasen. Når man kjenner til Aasens rolle på denne tiden, kan man si at navnet hans er med på å underbygge etosen i teksten.

Diktet er som tidligere nemt tradisjonelt, hvor alle strofene inneholder like mange verselinjer. Dette i seg selv er med på å skape en slags rytme i diktet. I tillegg er det også enderim, hvor første og tredje verselinje rimer, og andre og fjerde. Man kan også merke seg pronombruken i diktet: «*Sud om havet han stundom laut skrida.*» Personen i diktet, nordmannen eller «han» blir gjentatt i nesten alle strofene. Dette gjør at man lett kan relatere seg til personen, og at man som nordmann kan kjenne seg igjen både i personen, og beskrivelsene i diktet. Man kan si at diktet i seg selv er pastosbasert, dette fordi det omhandler et såpass følelsesvekkende tema. Naturen er noe som står mange nordmenn nært, og det er en del av vår identitet og kultur.

Del B Langsvarsoppgave

Oppgave 2

Et slag for språk og likestilling, et slag i trynet

Teksten «Språk, kjønn og likestilling» er en artikkel skrevet av Ruth Vatvedt Fjeld, som er

førsteamanuensis i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo. Artikkelen ble publisert av Språkrådet i 1998. «*Man kan derfor si at økt bevissthet om språk og kjønn, på linje med annet feministisk arbeid, har ført til bedre likestilling mellom kjønnene.*» Hovedsynet i teksten kommer frem i dette sitatet, hvor Fjeld mener at Språkrådets arbeid for økt bevissthet om språk, har ført likestillingen mellom kjønnene fremover. Hun mener også at deres arbeid kan likestilles med annet feministisk arbeid, men at mange av fordommene og stereotypene i debatten er oppkonstruert for å passe inn i kvinnens opplevelse av undertrykkelse.

I artikkelen kommer det frem at kvinner snakker for mye, i tillegg til at de snakker feil. Dette er et velkjent fenomen, hvor jeg tror de fleste vil kjenne seg igjen i. Hvor en mann vil sukke tungt, og sette seg tilbake i stolen med armene i kors. Mens han bare sitter helt paff, kommer en sinnarynke frem i pannen, ordene vil ikke strekker til. På andre siden av bordet vil kvinnen bare trekke pusten før hun spyr ut med sine standhaftige meninger om alt og alle. Det kan enten være gårtdagens oppvask som ikke ble tatt, ungene som ikke hører etter eller mannen som glemte bryllupsdagen.

I dagens samfunn har nemlig kvinnen rett til å si i fra. Hun har rett til å konfrontere, kritisere, si fra og argumentere. På andre siden finnes det også menn med talefeil, menn som bruker upresise ord som ting, dings og greie. Man har også hørt fiskehistoriene, hvor vekten på fisken han fikk i elva vokser proporsjonalt med antall ganger historien blir gjenfortalt. Er det da rett at det er *bare* kvinner som skal skjelles ut og latterliggjøres for sitt ordforråd? Og hvem er det egentlig som overdriver mest her, hobbyfiskeren eller husmora som aldri blir hørt?

«*Kvinner som ønsker å gå foran i likestillingskampen, blir ofte regnet for å være mannhaftige.*» Dette medfører en del riktighet i den forstand at menn alltid har hatt mest makt i vår kultur. Kvinner har alltid vært det svakeste kjønn, men det er nå i endring. Kvinnene blir tydeligvis mer lik menn, vi blir sterkere, får mer makt, men dog mindre intellektuelle og mindre snakkesalige. Er dette veien å gå kvinner? Vil vi ofre vår intellektuelle begavelse for litt mer makt?

På mange måter stiller Språkrådet og likestillingsloven likt her i landet. De inneholder begge retningslinjer for hvordan man skal forholde seg til både ord og kjønn. «Både rådet og loven er uttrykk for tro på at det nytter å styre mellommenneskelige relasjoner gjennom offentlige tiltak.» Men fungerer dette i praksis? Ville Norge gått gjennom en slags renessanse av den tiden hvor kvinnens hjem var kjøkkenet, hvis det ikke hadde vært for at likestillingsloven kom? Jeg tror dagens samfunn ville sett annerledes ut hvis det ikke hadde vært for loven. Riktig nok hadde det nok ikke skjedd en gjenfødelse av kjøkkengerasjonene.

Dagens samfunn uten et Språkråd derimot ville nok sett relativt annerledes ut. Sannsynligvis hadde jeg ikke sittet her og skrevet på mitt sidemål. Kanskje ville jeg sittet fortvilet, men den samme sinnarynken som mennene med de snakkesalige konene har, og skrevet en tekst på et språk jeg ikke forstår noe som helst av. Eller ville jeg ha sittet hjemme og chattet med vennene mine på dialekt? Uten Språkrådet hadde jeg til og med kanskje fått skrevet på min egen dialekt her i dag, eller iallfall noe som ligner mer enn dette. Noe som ligner mer på det man kjempet så inderlig hardt for i 1950-årene, men som ble skrinlagt i 2001 ville kanskje vært virkelighet om det ikke var for Språkrådet. For mange vil en avskaffelse av Språkrådets og andre offentlige myndigheters rettigheter til å styre språkutviklingen her i landet klinge som lyden av skoleklokka en fredags ettermiddag.

-Vedlegg: «Språk, kjønn og likestilling», fra Språkrådet, 1998.

-Norsk boken, Grip teksten vg. 1

-Norsk boken, Grip teksten vg. 2

-Norsk boken, Grip teksten vg. 3

Eksamen i norsk 2014 – Ein smak av Noreg / En smak av Norge. Skrevet av Rune Nikolaisen. Hentet 26. mai 2014 fra: http://www.runenikolaisen.com/wp-content/uploads/2014/05/Eksamen-i-norsk-2014—Ein-smak-av-Noreg-_-En-smak-av-Norge-_-Runes-verden.pdf

Eksempel 3

Norsk sidemål NOR1212 våren 2014, langsvarsoppgave 4, bokmål som sidemål

NOR1212 Eksempel 3	Kommentar – se kjennetegn på måloppnåelse i eksamensveiledningen
Hoved- inntrykk	Både kortsvar og langsvar er relevante for oppgaven, og vurderes til samme nivå. Svaret viser god forståelse for tekstvedleggene. Begge tekstene er noe ufullstendige, men viser norskfaglig kunnskap og har fagspråk. Språket har gode formuleringer og et hensiktsmessig ordforråd.
Språk og formelle ferdigheter	Svaret viser at eleven mestrer formverket, og har stort sett korrekt ortografi og tegnsetting.
Kortsvar	Kortsvaret har god struktur og sammenheng. Det gjør greie for noen virkemidler og funksjonen de har i diktet, men er lite konkret når det gjelder å formulere tema. Avsnittet om Aasen og språk er ikke helt relevant i forhold til det oppgaven ber om. Svaret har noe fagspråk.
Langsvar: Informative, argumente- rende og resonne- rande tekster	Teksten har hensiktsmessig struktur og sammenheng. Hovedsynet i tekstvedlegget er formulert, men det mangler noe forståelse for ironien i teksten. Videre i den første delen blir noen av synspunktene drøftet på en relevant måte med vurderinger og grunngitte synspunkter. I den siste delen av svaret blir kunnskap om den norske språkdebatten og språkpolitikken satt inn i en relevant sammenheng.
Samlet vurdering	Samlet sett viser elevsvaret god kompetanse i faget . Svaret er vurdert til karakter 4.